Samtykkeskjema for føresette

Influensavaksinering av barn og ungdom under 16 år

Influensa er ein vanleg infeksjonssjukdom blant barn. Dei aller fleste barn toler å vere sjuke med influensa, men hos nokre få kan infeksjonen mellom anna føre til alvorleg lungebetennelse og forverring av underliggjande sjukdom. Ved alvorleg influensasjukdom eller komplikasjonar er det nødvendig med sjukehusinnlegging.

Som for vaksne har barn med enkelte sjukdommar noko høgare risiko for å bli alvorleg sjuke av influensa. Dette gjeld også for tidleg fødde barn fram til dei fyller 5 år. Desse risikogruppene er tilrådde årleg influensavaksine.

For barn omfattar dette:

- kronisk hjarte- eller lungesjukdom (inkludert astma)
- kronisk nevrologisk sjukdom eller skade (til dømes epilepsi)
- nedsett immunforsvar som følgje av sjukdom eller behandling
- lever- eller nyresvikt
- diabetes (særleg ved dårleg regulert blodsukkernivå)
- svært alvorleg fedme
- annan alvorleg/kronisk sjukdom der influensa utgjer ein alvorleg helserisiko, etter individuell vurdering av lege
- for tidleg fødde barn, særleg barn som er fødde før veke 32 i svangerskapet, frå 6 månader (kronologisk alder) og fram til dei fyller 5 år

Influensavaksinar til barn

Influensavaksine er det beste tiltaket for å førebyggje influensa. Vaksinen blir sett årleg fordi influensavirusa stadig utviklar seg, og fordi vaksinen har avgrensa verknadstid. Influensavaksinane har vore i bruk i mange år, og vi har god kunnskap om kva biverknader som kan oppstå. Vaksinane gir svært sjeldan alvorlege biverknader. Biverknadene er hovudsakleg lokale reaksjonar eller kortvarig sjukdomskjensle, som muskelverk eller lett feber. Det finst i dag to typar influensavaksine som er godkjende for barn i Noreg, inaktivert injeksjonsvaksine (sprøyte) og levande, svekt nesesprayvaksine (Fluenz).

Inaktivert injeksjonsvaksine

Godkjend frå 6 månader. Kontraindikasjonar omfattar alvorleg reaksjon på ein tidlegare dose av same vaksine, alvorlege straksallergiske reaksjonar mot egg, kjend allergi mot andre innhaldsstoff i vaksinen, og akutt infeksjon med feber over 38 °C.

Levande, svekt nesesprayvaksine

Godkjend for aldersgruppa 2–17 år. Kontraindikasjonar omfattar alvorleg astma eller aktive pustevanskar, bruk av acetylsalisylsyrepreparat, ubehandla craniofaciale misdanningar, klinisk immunsvikt, alvorleg allergi mot innhaldsstoff i vaksinen og akutt infeksjon med feber over 38 °C.

For barn frå 6 månader til 9 år som ikkje har hatt influensa eller har fått influensavaksine tidlegare, er det tilrådd med to dosar influensavaksine med minst 4 vekers mellomrom. Du kan lese meir om vaksinane på www.fhi.no/voksenvaksinasjon.

Før vaksinasjon

Vaksinering er frivillig. Dei som ikkje har fylt 16 år, må ha samtykke frå dei føresette. Ved felles foreldreansvar må begge dei føresette samtykke. Barn under 16 år har også rett til å få informasjon og skal høyrast ut frå alder og modnad. Gi beskjed dersom barnet tidlegare har hatt ein alvorleg allergisk reaksjon på influensavaksine eller akutte allergiske reaksjonar mot egg.

Personar som har hatt ein alvorleg straksallergisk reaksjon/ anafylaktisk sjokk etter inntak av eggeprotein, eller har hatt ein alvorleg straksallergisk reaksjon mot ein tidlegare dose influensavaksine eller eit anna agens, bør vaksinerast med utvida anafylaksiberedskap dersom dei har behov for influensavaksine.

Klipp her

Namn på barnet:	Fødselsdato:

Eg/vi ønskjer at barnet mitt/vårt skal vaksinerast mot influensa: ☐ Ja ☐ Nei

Føresette med foreldreansvar:

Føresett 1:

Fullt namn (skriv tydeleg): _____

Underskrift: _____

Telefonnummer: _____

Føresett 2:

Fullt namn (skriv tydeleg): _____

Underskrift: _____

Telefonnummer: _____

Relevant helseinformasjon om barnet: